

12 bustader ligg ute for sal i Uskedalen.

10.04.2017



Nausthaugen 2 med 6 leilegheter er klar for sal og innflytting.

12 bustader er registrert utlagt for sal i Uskedalen. Det samla talet for sal av husvære i Kvinnherad er 80. Til talet 12 vert rekna nye og eldre einebustader og leilegheter. I tillegg finn vi utlagd eit gardsbruk på Eik med ein salsverdi på kr. 4,4 mill. Eit større oppslag i Kvinnheringen i dag syner at kjøp og sal av husvære i kommunen har flata ut. Det har truleg samanheng med mangel på arbeidsplassar og at lånevilkåra er endra.



Leileghetene i Mollebygget har høg standard og ligg sentralt til med vakker fjordutsikt mot Storsund og Hardangerfjorden.

Ledige husvæere for sal i Uskedalen finn vi stort sett i sentrum og i Ospelunden. Med sentrum reknar vi arealet frå Uskedal bru til Halsane.

Seks nybygde leilegheter i det såkalla Mollebygget ligg ute for sal. Leileghetene har ein storleik frå 61 til 89 rutemeter og med 1 til 3 soverom. Alle husvæera har livsløpsstandard med heis til 2. etasje. Det er installert balansert ventilasjon, varmepumpe, varmekablar på bad. Det er ballkong med glasrekkverk. Kvitevarer føl med. Det er innebygd kjøl/frys, oppvaskmaskin, koketopp og steikeovn. Leileghetene på Nausthaugen er klar for innflytting. Eigar er Valo eigedom og salet går via meglar.

Del av tomannsbustad ligg også ute for sal i øvre del av Halsabrotet. Bustaden har eit areal på 95 rutemeter med 3 soverom. Alt ligg på eit golv. Kvitevarer er rekna med i salet. Erlend Bjørnebølet er seljar. Tomannsbustaden ligg vakkert til med god utsikt mot sentrum, Eikedalen, Storsund og Hardangerfjorden.

Uskedalen.no har registrert at aktuelle kjøparar har spurt om det er ledige hus. Med det som ligg ute, finn alle eit variert og innhaldsrikt tilbod på bustader i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Del av tomannsbustad i Øvre Halsabrotet ligg ute for sal. Bustaden har fin utsikt mot sentrum, Eik, Storsund og Hardangerfjorden.